



# GRASROTANDELEN

**Etter at Uskedal idrettslag og Røyserett for alle no er registrert i frivillig-registeret, er det fire Uskedalslag å velja mellom når ein skal gje støtte gjennom Grasrotandelen. Uskedal skulemusikk og Uskedalen helselag har vore med på ordninga frå starten 1.mars.**

Grasrotandelen er ein fin mulighet til å støtta den lokale lagsaktiviteten. Når ein tippar eller spelar Lotto eller Joker på Norsk Tipping, kan 5% av innsatsen gå til eit lokalt lag. Det einaste ein treng å gjera, er å sei frå til kommisjonæren kva lag ein vil støtta.

Vi understrekar at det gode tiltaket ikkje kostar spelaren noko, men dersom ein ikkje nyttar seg av den, vil lagslivet gå glipp av denne økonomiske støtta. Derfor er det viktig at alle nyttar seg av grasrotandelen, og det kostar altså ingenting.

Det er og eit flott høve for utflytte uskedelingar og andre Uskedals-vener å støtta lagslivet i bygda vår.

Og som eit aktuelt apropos og ei indirekte oppmoding: Til og med torsdag hadde Trio registrert 26.717 kroner frå 136 tipparar. Her ligg det med andre ord store beløp og ventar.

Blant dei laga som omfattar heile Kvinnherad og som ein også kan støtta er Kvinnherad Turlag.